

Innkalling
av
Kraftfondsstyret

Møtedato: 12.09.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:45 - 11:45

GMU og ny dagleg leiar Ragnhild Undertyn vert med på møtet.

Under referatsaka vert det orientert om:

- tildelte midlar og rest til disposisjon
- Strategisk næringsplan - rullering

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 007/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 008/2017 Godkjenning av møtebok
- 009/2017 Revidert kraftfondsbudsjett 2017
- 010/2017 Optikar Christel Daae as - søknad om støtte gjennom kraftfondet
- 011/2017 Sandnesbutikken - søknad om lån gjennom kraftfondet
- 012/2017 Referatsak
- 1 Protokoll frå ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS
- 013/2017 Delegerte saker
Søknad om etableringstilskot

4. september 2017

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/916

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/916

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 151	16/734

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Revidert kraftfondsbudsjett 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsbudsjettet 2017 for Masfjorden kraftfond vert justert og vedtatt slik;

	Budsjett
	2017
Inntekter:	
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000
Unyttta fondsmidlar frå 2016 tilført 2017 budsjettet	-820 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-80 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
Sum inntekter	-3 720 000
Utgifter:	
Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2017	400 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatordninga	10 000
Tilrettelegging bustadføremål	400 000
Elevbedrift/grundercamp	10 000
mobil/breibandsdekning	400 000
Andre næringsiltak - (GMU med 250.000)	250 000
Etableringstilskot	160 000
Frie fondsmidlar til fordeling	790 000
Sum utgifter	3 720 000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kraftfondsrekneskapan 2016 viser ein del unyttta midlar, og i samsvar med tilråding til kraftfondstyret og vedtak gjort av Kommunestyret i møte den 4.5.2017 vert kraftfondsbudsjettet for 2017 justert.

KS - 022/2017 VEDTAK:

Årsmelding kraftfondet 2016 vert teken til vitring

Sum unytta midlar pr. 31.12.2016 vert innarbeidd i revidert kraftfondsbudsjett for 2017

Fakta

		Budsjett	Rekneskap
		2016	2016
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 800 000	-2 832 869
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-90 000	-116 935
	Renteinntekter, utlån	-10 000	-9 405
	Sal av turbok	0	-260
	Sum inntekter	-2 900 000	-2 959 469
Utgifter:	Masfjordsambandet - "brufond jf. KS sak 45/12"	1 000 000	1 000 000
	LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2016	400 000	402 443
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	203 472
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
	Sertifikatordninga	30 000	0
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000	50 000
	Tilrettelegging bustadforemål	500 000	0
	Elevbedrift/grundercamp	20 000	0
	Breiband/Fiberutbygging	150 000	0
	Andre næringstiltak - tilskot GMU m/250.000	250 000	250 000
	Etableringstilskot	120 000	80 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	80 000	55 000
	Sum utgifter	2 900 000	2 140 915
	utlån		0
	Unytt 2016:		-818 554

Budsjettet for kraftfondet utgjorde 2.9 mill.kr.

Rekneskapan viser bokførte utgifter med litt over 2,1 mill.kr, og dermed ein større sum unytta i 2016. Mange av postane nær og i samsvar med budsjett, medan ein del postar har mindreforbruk eller ingen bruk.

Kraftfondssaker 2017		Søkt om		Løyvd		handsama av kraftfondet;	K-styre handsaming	Brukte midlar 17	Unytt midlar '17
Sak nr.	Søklar/tiltak	Tilskot	Lån	Tilskot	Lån				
	Budsjett 2017 - Masfjorden kraftfond								120 000
1.	Godkjenning av innkalling og sakliste	0	0	0	0	19.04.2017		0	120 000
2.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	19.04.2017		0	120 000
3.	Årsmelding kraftfondet 2016	0	0	0	0	19.04.2017	4.5.17- 22/17	0	120 000
4.	referatsak(er)	0	0	0	0	19.04.2017		0	120 000
5.	delegerte saker	0	0	0	0	19.04.2017		0	120 000
6.	Søknad om lån gjennom kraftfondet - Kvingo nærkjøp as	0	500 000	0	500 000	19.04.2017	4.5.17- 17/17	500 000	-380 000

Vurdering

Saker handsama og innstilling frå kraftfondstyret og vedtak i Kommunestyret april/mai var basert på at det var ein del unytta midlar frå 2016 som var tenkt innarbeidd i revidert kraftfondsbudsjett. Denne saka formaliserar og justerer budsjettet etter dei føringane og drøftingane, og med følgjande framlegg til budsjettendringar kraftfondsbudsjettet 2017;

	Budsjett
	2017
Unytta fondsmidlar frå 2016 tilført 2017 budsjettet	-820 000
Sum inntekter	-820 000
mobil/breibandsdekning	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	670 000
Sum utgifter	820 000

Med desse budsjettendringane vil ein ha kr. 290.000 til fordeling for resten av 2017 til næringsføremål.

Konklusjon

Kraftfondsbudsjettet vert revidert i tråd med denne saksutgreiinga og framlegg til vedtak.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/105

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Optikar Christel Daae as - søknad om støtte gjennom kraftfondet

32T

Journalposttittel

Søknad om tilskot/lån i Kraftfondet
Kraftfondet
Budsjett

Dato

12.06.2017
06.02.2017
06.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.
2. Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 150.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018
5. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 40.000 i tilskot og kr. 450.000 i lån gjennom kraftfondet til optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.

Fakta

Viser til søknadene/standard søknadskjema kraftfondet, som følgjer som saksvedlegg

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 %

av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Vurdering

Søknadene stettar kravet og vilkår for støtte gjennom kraftfondet. Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming. Ingen dokumentasjon på dette forholdet, men søkjar kjem til kraftfondstyremøte for å presentere søknaden. Tiltaket er innafør satsingsområde som går på å betra vilkåra for sysselsetjing av kvinner. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt, og samla kapitalbehov er kr. 900.000,- og innstillinga innafør desse føringane. Innstillinga i saka er basert på rammer og midlar til tildeling basert på saka om revidert kraftfondsbudsjett 2017. Kraftfondstyret får vurdere om dei ønskjer å gå utover denne ramma med omsyn til samla fondsbeholdning og tidlegare års unytta midlar når det gjeld sum lån.

Konklusjon

Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.

Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 150.000 til omsøkte investeringsfremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker



Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: ZR3SQA

Registrert dato: 09.06.2017 18:49:53

Vedlegg:

Budsjett Likviditet.xlsx

Verksemda				
Type verksemd Optikar-verksemd				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga Optikerverksemd, synsprøver, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Christel Daae	Strønevegen 131 C	5217	Hagavik	100

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer
Føretak/lag/foreining Optikar Christel Daae AS
Adresse
Postnummer 5986
Poststad HOSTELAND
Telefon
Telefaks

Opplysninger om kontaktperson	
Førenamn Christel	
Etternamn Daae	
Adresse Strønevegen 131 C	
Postnummer 5217	Poststad HAGAVIK
Mobiltelefon 95996506	
Telefon arbeid	
Telefon privar 95996506	
E-post christeldaee@hotmail.com	
Bankkontonummer 36351506576	
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet Søknadsprosjekt Investeringstilskot og lån
Totalt kostnader for prosjektet 900000
Finansieringsplan
Eigenkapital 410000
Eige arbeid 0
Lån i bank 0
Tilskott frå næringsfond 450000
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder 40000
Sum finansieringsplan 900000

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden <p>Det skal etablerast ny optikarpraksis i Masfjorden februar 2018, som heile distriktet rundt vil få nytte av. Praksisen vil vere på Hosteland, det er etablert kontakt med utleigar.</p> <p>Det er tidlegare i 2017 søkt om etableringstilskot på kr 40000 frå Krafffondet. No vert det søkt om investeringstilskot og lån for instrumenta som vert nytta på synsprøverommet.</p>

Økonomi
Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Dei fleste menneske treng synshjelpemidler på eit tidspunkt. Born kan trenge det på grunn av utviklingsfeil i auget. Nokre får behov briller/linser i løpet av ungdomstida eller vaksen alder pga nærsyntheit, langsyntheit, skjeive hornhinner eller samsynsavvik. På grunn av fysiologiske endringar i auget når alle menneske kjem i alderen 40 , ofte kalla alderlangsyntheit, må dei ha synshjelpemidler til å lese med på nært.

Marknadsføringstiltak

Det vil verte laga pressemelding og jamnleg annonsering i lokale aviser, plakatar på helsestasjonar, sjukeheimar, skular, oppslagstavler, sosiale medier. Bedrifta ønskjer å lage avtaler med andre bedrifter og lag angående f.eks. databriller. Bedrifta vil vektlegge kvalitet og kundeservice og vil ha det med i marknadsføringa til bedrifta.

Viktigaste konkurrentar

Nærmaste konkurrent vil vere optikarpraksisar i Knarvik og Førde. I Knarvik er det ei lågpris-kjede innanfor salg av briller og linser og synsprøvetjenester. Samt er internett ein viktig konkurrent for sal av linser og briller.



Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: HH6BZE

Registrert dato: 03.02.2017 14:17:01

Vedlegg:

Budsjett Kraftfondet.xlsx

Verksemda				
Type verksemd				
Optikar-verksemd				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga				
Optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Christel Daae	Strønevegen 131 C	5217	Hagavik	100

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer
Føretak/lag/foreining
Optikar Christel Daae AS
Adresse
Postnummer
5986
Poststad
HOSTELAND
Telefon
Telefaks

Opplysningar om kontaktperson	
Førenamn Christel	
Etternamn Daae	
Adresse Strønevegen 131 C	
Postnummer 5217	Poststad HAGAVIK
Mobiltelefon 95996506	
Telefon arbeid	
Telefon privar 95996506	
E-post christeldaae@hotmail.com	
Bankkontonummer 36351506576	
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet Søknadsprosjekt Etableringstilskot
Totalt kostnader for prosjektet 830000
Finansieringsplan
Eigenkapital 380000
Eige arbeid 0
Lån i bank 410000
Tilskott frå næringsfond 40000
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder 0
Sum finansieringsplan 830000

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden <p>Det skal etablerast ny optikarpraksis i Masfjorden februar 2018, som heile distriktet rundt vil få nytte av. Praksisen vil vere på Hosteland, det er etablert kontakt med utleigar.</p> <p>Det vert i denne omgang søkt om støtte til etablering av verksemda. Dette vil innebera oppussing av lokale for å tilrettelegge for praksisen.</p> <p>På eit seinare tidspunkt vil det verte akutelt å søke om støtte til investeringar, mellom anna instrument for synsundersøkingar.</p>

Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Dei fleste menneske treng synshjelpemidler på eit tidspunkt. Born kan trenge det på grunn av utviklingsfeil i auget. Nokre får behov briller/linser i løpet av ungdomstida eller vaksen alder pga nærsyntheit, langsyntheit, skjeive hornhinner eller samsynsavvik. På grunn av fysiologiske endringar i auget når alle menneske kjem i alderen 40 , ofte kalla alderlangsyntheit, må dei ha synshjelpemidler til å lese med på nært.

Marknadsføringstiltak

Det vil verte laga pressemmelding og jamnleg annonsering i lokale aviser, plakatar på helsestasjonar, sjukeheimar, skular, oppslagstavler, sosiale medier.

Bedrifta vil vektlegge kvalitet og kundeservice og vil ha det med i marknadsføringa til bedrifta.

Viktigaste konkurrentar

Nærmaste konkurrent vil vere optikarpraksisar i Knarvik og Førde. I Knarvik er det ei lågpris-kjede innanfor salg av briller og linser.

Månadleg budsjett	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	År 1
Salsinntekter	100000	80000	70000	80000	80000	70000	80000	100000	100000	80000	70000	90000	1000000
Variable kostnader													
Glass	14400	11520	10080	11520	11520	10080	11520	14400	14400	11520	10080	12960	144000
Linser	4800	3840	3360	3840	3840	3360	3840	4800	4800	3840	3360	4320	48000
Diverse	900	720	630	720	720	630	720	900	900	720	630	810	9000
Sum variable kostnader	20100	16080	14070	16080	16080	14070	16080	20100	20100	16080	14070	18090	201000
DEKNINGSBIDRAG	79900	63920	55930	63920	63920	55930	63920	79900	79900	63920	55930	71910	799000
Faste kostnader													
Fast lønn, pensjon, feriepeng.	37917	37917	37917	37917	37917	37917	37917	37917	37917	37917	37917	37917	455000
Husleige, straum	4750	4750	4750	4750	4750	4750	4750	4750	4750	4750	4750	4750	57000
Reknskap?	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000	12000
Forsikring?	800	800	800	800	800	800	800	800	800	800	800	800	9600
Telefon og nettverk	700	700	700	700	700	700	700	700	700	700	700	700	8400
Lån	7000	7000	7000	7000	7000	7000	7000	7000	7000	7000	7000	7000	84000
Optitec	1500	1500	1500	1500	1500	1500	1500	1500	1500	1500	1500	1500	18000
Sum faste kostnader	53667	53667	53667	53667	53667	53667	53667	53667	53667	53667	53667	53667	644000
DRIFTSRESULTAT	26233	10253	2263	10253	10253	2263	10253	26233	26233	10253	2263	18243	155000

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/742

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Sandnesbutikken - søknad om lån gjennom kraftfondet

32T

Journalposttittel

Søknad om lån til oppgradering av drivstoffanlegg for båtar

Dato

07.06.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sandnesbutikken as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsforemål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
3. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sandnesbutikken har søkt om kr. 360.000 i lån gjennom kraftfondet til å gjennomføra naudsynt oppgradering av bensin- /dieselpumpene og -tankane, og leggja til rette for båtfylling.

Fakta

Viser til søknaden/standard søknadskjema kraftfondet, som følgjer som saksvedlegg

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsforemål. Prosjekt som har til foremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Samla finansiering frå kraftfondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg

eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Vurdering

Søknaden stettar kravet og vilkår for støtte gjennom kraftfondet.

Samla kapital-/finansieringsbehov for tiltaket er kr. 720.000,-, og etter retningslinene for kraftfondet skal samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt, og i dette tilfelle kr. 180.000,-, og i tillegg må ein ta omsyn til sum frie fondsmidlar til fordeling det aktuelle år.

Innstillinga i saka er basert på rammer og midlar til tildeling basert på saka om revidert kraftfondsbudsjett 2017. Kraftfondstyret får vurdere om dei ønskjer å gå utover denne ramma med omsyn til samla fondsbeholdning og tidlegare års unyttta midlar, og auke opp sum lån.

Konklusjon

Sandesbutikken får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker



Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: RW7Q3H

Registrert dato: 31.05.2017 21:01:20

Vedlegg:

A°rsregnskap Sandnesbutikken AS 2013.pdf

A°rsregnskap sandnesbutikken AS 2015_signert.pdf

A°rsregnskap SB_AS_2014_signert.pdf

Budsjettplan drivstofftankar Sandnesbutikken.xlsx

A°rsberetning SB 2015_signert.pdf

Verksemda				
Type verksemd				
Daglegvare				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga				
Sandnesbutikken er ein daglegvarebutikk med tilhøyrande sal av drivstoff. Det er post i butikk og butikken er kommisjonær for Norsk Tipping. Det er no planar om å gjennomføra naudsynt oppgradering av bensin-/dieselpumpene og -tankane, og leggja til rette for båtfilling.				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Aksjonærliste er lagt ved rekneskapen	Sandnes	5981	Masfjordnes	100

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer 997582470
Føretak/lag/foreining Sandnesbutikken AS
Adresse Austfjordvegen 2750
Postnummer 5981
Poststad MASFJORDNES
Telefon 47299092
Telefaks

Opplysninger om kontaktperson	
Førenamn Sigmund	
Etternamn Holmaas	
Adresse Sandnesstykket 20	
Postnummer 5981	Poststad MASFJORDNES
Mobiltelefon 47299092	
Telefon arbeid	
Telefon privar 47299092	
E-post sigmund@sh-oppmaaling.no	
Bankkontonummer 36325753166	
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet Søknadsprosjekt Reetablering av nedlagt drivstoffanlegg
Totale kostnader for prosjektet 720000
Finansieringsplan
Eigenkapital 150000
Eige arbeid 10000
Lån i bank 200000
Tilskott frå næringsfond 360000
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder 0
Sum finansieringsplan 720000

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden Søknaden gjeld lån frå kraffondet, ikkje tilskot. Det er i dag ikkje muleg å fylla drivstoff til båt nokon stader i Masfjorden kommune. Anlegget som er der i dag er ikkje i drift då det ikkje er godkjent, og det er difor naudsynt med ei oppgradering. (Merknad: Dersom de finn vedlagte informasjon utilstrekkeleg, kan dette ettersendast).

Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Det er forventa at å få drift på drivstoffpumpene igjen vil føra til aukt attraktivitet for bygda som ein heilskap og betra omsetnad for verksemdene i området.

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Bygdefolket, hyttefolk, service til kommuneadministrasjonen og besøkjande til området. Ved opprusting av drivstoffpumpene, er det forventa at ein også skal få fleire kundar som kjem sjøvegen.

Marknadsføringstiltak

Opningsfest, marknadsføring på Facebook, marknads dagar.

Viktigaste konkurrentar

Det er ikkje andre sjøbunkrestader i Masfjorden kommune. Næraste mulegheit for å fylla er i Kilstraumen, Mjømna eller Byrknes. Næraste daglegvarebutikk er i Andvik og på Kvingo.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/916

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017

Referatsak

32T

1. Protokoll frå ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

PROTOKOLL FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2017

Den 15. mai 2017 vart det halde ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU), org nr; 992 971 118, i selskapet sine lokale i Vidsyn, Sløvågen 2 i Gulen.

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Marit Wick, som gjorde oppteljing av møtande aksjeeigarar og fullmakter:

Aksjonær	# aksjar / andel	Representert ved
SIVA – selskapet for Industrivekst sf	5 113 aksjar (24,8%)	fullmakt til styreleiar
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	4 625 aksjar (22,4%)	ikkje møtt
Gulen kommune	4 444 aksjar (21,6%)	Odd Harald Eide
Masfjorden kommune	4 443 aksjar (21,5%)	Frode Langhelle
Hordaland Fylkeskommune	2 000 aksjar (9,7%)	fullmakt til styreleiar

Dermed var 16 000 av totalt 20 625 aksjar og stemmer representert, tilsvarande 77,6%.

I tillegg møtte :

Solveig Daae Kristiansen – Dagleg leiar Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Ragnhild Undertun – ny dagleg leiar Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Marit Wick, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Steinar Østerbø, Hans Martin Martiniussen, Arve Hatlevik, Audhild Schaathun - styret i GMU

Det vart deretter gått over til å handsama dagsordenen:

1. Val av møteleiar

Marit Wick vart samrøystes vald som møteleiar.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiar reiste spørsmål om det var merknadar til innkalling eller dagsorden. Då det ikkje var innvendingar vart innkalling og dagsorden rekna som godkjent. Møteleiaren stadfesta at generalforsamlinga var lovleg sett.

3. Val av representant til å underteikna protokollen saman med møteleiar

Frode Langhelle vart vald til å underteikna protokollen saman med møteleiar. Avgjerdsla var samrøystes.

4. Presentasjon av selskapet si drift og stilling

Dagleg leiar gav ei orientering om selskapet si aktivitet og resultat i 2016 og drift og stilling i 2017 og svara på spørsmål frå aksjonærane.

5. Godkjenning av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si melding var sendt ut til aksjeeigarane. Årsrekneskap, årsmelding og revisor sin melding vart gjennomgått i møtet.

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding for rekneskapsåret 2016 vart godkjent. I tråd med styret sitt forslag vart det samrøystes vedteke å ikkje dela ut utbytte.

6. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor

Honorar til selskapet sin revisor i 2016 på kr 17.000,-, der kr 11.000,- er honorar for ordinær revisjon, vart samrøystes vedteke.

7. Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar

Styregodtgjersle på same nivå som tidlegare år, kr 20.000,- til styreleiar og kr 15.000,- til andre styremedlemmar vart samrøystes vedteke. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.

8. Val av styre

Valnemnda sitt forslag til nytt styre i selskapet vart samrøystes vedteke. Det nye styret har følgjande samansetjing:

Halvard Oppedal	Styreleiar (Gulen Kommune)
Karstein Totland	Nestleiar (Masfjorden kommune)
Audhild B. Schaathun	Styremedlem (Sogn og Fjordane Fylkeskommune)
Steinar Østerbø	Styremedlem (næringslivet)
Solveig D. Kristiansen	Styremedlem (næringslivet)
Njål Wilberg	Styremedlem (næringslivet)
Frode Kversøy	Styremedlem (næringslivet)

9. Fastsetjing av godtgjersle til valnemnda


I tråd med styret sitt forslag vart godtgjersle til valnemnda samrøystes vedteke til kr 2.000,-.

Det var ingen fleire saker til handsaming, og generalforsamlinga vart avslutta.

Sløvåg, 15. mai 2017



Marit Wick



Frode Langhelle

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/916

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017

Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Ann Jessica Fawcett og Joakim A.F Hindenes
joahin89@gmail.com Joakim A.F Hindenes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/889 - 17/5464

Sakshandsamar:
Svein Helge Hofslundsengen
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:
04.09.2017

Vedk. søknad om etableringstilskot oppføring av bustadhus

Vi syner til søknad motteke den 21.august
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Ann Jessica Fawcett og Joakim A.F Hindenes får tildelt etableringstilskot på kr 40 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 18 bnr 87 – Duesundøyna 50. Tilskotet vert innarbeidd i kraftfondsbudsjettet for 2018, og vert utbetalt når vilkåra for etableringstilskot er på plass, m.a. jf. pkt. 7 i regelverket for etableringstilskot.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot datert 21.08.2017

2. Uttale

Søknad om etableringstilskot gbnr 18/87 – Duesundøyna 50

Vi ønsker og søke om etableringstilskot. Då vi flytta til fra Askøy til Masfjorden i Mai 2017. Vi holder på og bygge hus på Duesundøy. Som vi flytter inn i når det er klart ein gang i 2018. Førabels bor vi i kjeller leilighet. Vi leiger hos Lovise Matre. Fensfjordvegen 109.

Vi er ein familie på 4. Meg, min samboer Ann Jessica Fawcett. Og 2 barn. Anne Sofie Fawcett Fagerheim 5 år. Jorunn Andrea Fawcett Fagerheim 10 mnd.

3. Fakta

ETABLERINGSTILSKOT

Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen for dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. pkt. 1& 2 i vedtektene. Søkjarane er fødte i 1989 og 1990 og er dermed innfor kravet alder på 35 år for å få 40.000 som står i vedtektene.

Søknad registrert den 21.08.2017 og grunnlag for utbetaling i 2018 jf. pkt. 3 i vedtektene.

5. Konklusjon

Ann Jessica Fawcett og Joakim A.F Hindenes får tildelt etableringstilskot på kr 40 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 18 bnr 87 – Duesundøyna 50

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Joakim A.F Hindenes